


Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 1 2021 46. årgang



KIRKENS NØDHJELP

actalliance

Fasteaksjon
torsdag 23.03,
vippsnr. 2426
Kontonummer
1594 22 87493





Andakten

Av Anny Orten

Den trygge vegen

«Jesus, du er den himmelveg som til Gud Fader oss leier.

Frelsa det er å finna deg...»

Vi har høyrte mykje om vegar i vinter – glatte vegar, rasfarlege vegar, vegar med fare for både liv og lemmer. Mange har fått erfare det.

Vi går på mange vegar gjennom livet. Er det trygt?

Jesus seier:

«Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem

til Far utan gjennom meg.»

Joh. 14.6

Går du den vegen? Han er trygg, og han er sann. Jesus er livet, og han fører til LIVET. Jesus hugsar alltid på sine. Han ber for oss, og han går med oss heile vegen.

Då er vi trygge.

*Jesus eg høyra vil til deim
som etter deg du kan nemna!
Lat meg ved deg til himmelheim
dagleg få styra og stemna!
Utan din arm i miss eg gjeng,
før du meg høgt på ørnevang,*



til eg i himmelen hamnar!

(Elias Blix)

JESUS ER VEGEN OG LIVET.

«Open kyrkje»

I desse koronatider der samfunnet delvis har vore nedstengt, har dette òg ramma tilboda i kyrkja.

Gudstenester har frå tidleg januar vore avlyste. Sidan vi ikkje har «fastmonterte sete» har det berre vore tillate med 10 personar til alle arrangement utanom gravferd.

For å gi eit tilbod vedtok vi å arrangere «Open kyrkje» i Aure 18. februar. Ein fekk høve til å tenne lys, ta imot nattverd av prestevikar Tommy Stormo, og høyre orgelmusikk frå Alexey. Det vart òg vist ulike bibeltekstar på lerret av trusopplærar Stig Ottar Jensen. 19 personar møtte opp til denne fine kveldsstunda.



Vi kom òg med tilbod om «Open kyrkje» torsdag 4. mars, med det same programmet, men utan nattverd.

Vi trur det er mange som tykte det var fint å komme til «Open kyrkje».

Judith Bjørk

Minnegave

Ved Modulf Aukan si begravelse den 5. februar kom det inn kr. 14.911,00 i minnegave til Tustna menighet. Familien ønsker at gaven skal gå til innkjøp av bårtevogn til Gullstein kirke. Tustna menighetsråd takker for gaven.



Dugnad

Det blir dugnad på Stemshaug fredag 14. mai klokka 13. Velkomen!

Påskemøte

Palmesøndag 28. mars kl. 16 blir det påskemøte på Aure misjonshus. Inger Lise og Asmund Smenes deltar.

Arr.
Indremisjonsforbundet.



Min salme

Jeg har alltid vært glad i påskesalmen *Deg være ære*, den har vært med meg helt fra barndommen. I voksen alder har jeg oppdaget flere salmer, og den som er min favoritt nå, er Bjørn Eidsvåg sin *Kyrie*. Den er så vakker, både melodien og teksten. Den gir en ærlig og sårbar beskrivelse av mennesket, av meg. Teksten beskriver den personen jeg ønsker å være, den lojale som alltid er der for de som trenger meg. Samtidig er det en brutal erkjennelse av at man ikke alltid lykkes med å være den personen man helst ønsker. Til slutt kommer håpet frem gjennom tilgivelse og kjærlighet. Vi mennesker er ikke perfekte, men med et ønske om å være rause, omsorgsfulle og inkluderende er vi «gode nok»!

Hanne Berit Børset Brekken

Kyrie

Bjørn Eidsvåg

Du låg skjelvande av angst på kne
og svetten rant som blod
Og venene du hadde med
dei sov i største ro
Dei svikta då du trengte dei
du hadde gitt dei alt
Dei valde minste motstands vei
og svikta då det gjaldt

Og eg har tenkt: Det sko'kje eg ha gjort
Eg sko' ha kjempa saman med deg
holdt rundt deg og tørka svetten bort
gjort ka eg kunne for å gle' deg

Dei dømde deg te død og pine
spotta deg og lo
Og ein av dei du kalla dine
fornekta og bedro
Han svikta då du trengte han
Du hadde gitt han alt
Han var ein veik og vesal mann
som svikta då det gjaldt

Og eg har tenkt: Det sko'kje eg ha gjort
Eg sko' ha kjempa saman med deg
holdt rundt deg og tørka svetten bort
gjort ka eg kunne for å gle' deg

Men eg vet at eg og svikte
fornekta og bedrar
Eg gjer'kje det eg vet eg plikte
e hjertelaus og hard
likasel for andres nød
ofta blind for venners sorg



Ka bryr det
meg dei andres død
Min kulde e
"så fast en
borg"

Likavel e du
lika gla i meg
tilgir meg alle feilå mine
Stille tar du kappå di av deg
og tar te å vaska beinå mine

Kyrie eleison.....

Deg være ære

Arne Fjeldberg

Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.
Lyset fyller haven,
se, en engel kom,
åpnet den stengte graven,
Jesu grav er tom!

Refr.:
Deg være ære,
Herre over dødens makt!
Evig skal døden være
Kristus underlagt.

Se, Herren lever!
Salig morgenstund!
Mørkets makter bever.
Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger:
Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger,
Kristus Herre er!

Refr.

Frykt ikke mere!
Evig er han med.
Troens øye ser det:
Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære,
seier er hans vei,
evig skal han regjere,
aldri frykter jeg.

Refr.

Fastmonterte sete

Det har vore diskusjonar om kva som er fastmonterte sete i desse koronatider. Fastmonterte sete har vore definert slik: «Faste sete med armlene». Derfor har ikkje kyrkjebenkane vore definerte som fastmonterte sete.

Det er no kome ny smittevernsretteleiar pr. 23.02.21, der det er nye definisjonar på fastmonterte sete. Det er no tillate med 100 deltakarar med faste tilviste plassar.

- «**Fast**» betyr at deltakarane skal sitje på tilviste plassar under heile arrangementet og ikkje bevege seg rundt i lokalet, utover ved nødvendige toalettbetok eller liknande (f.eks. til dåp, nattverd osv.).
- «**Plass**» betyr at deltakarane må sitje på eit sete/benk/golvteppe e.l. Arrangøren har ansvar for at stolar ikkje blir flytta nærare enn ein meter, og at benkar o.l. blir markerte med nødvendig avstand mellom sitjeplassane. Plassane bør være plasserte slik at ansikt-til-ansikt-kontakt blir unngått. Ståplassar fell utanfor omgrepet.
- «**Tilvist**» betyr at plassane enten er nummererte, eller at vertar/vakter viser deltakarane til nærmare bestemte plassar.

Dersom eit arrangement blir gjennomført med faste, tilviste plassar, kan det vere maksimalt 100 deltakarar til stades, om størrelsen på rommet tillèt det. Medverkande kjem i tillegg. Alle til stades skal kunne halde ein meter avstand. Ein tilrår 2 meter avstand ved innandørs all-song. Avstand blir målt skulder til skulder i alle retningar.

Eit arrangement utan faste, tilviste plassar har grense på maksimalt 10 personar i tillegg til medverkande.

I kyrkjene er det no nummererte plassar, og ein blir tilvist plass når ein kjem til eit arrangement i kyrkja.

Vi tilrår å bruke munnbind i kyrkjerommet.

*Judith Bjørk
Kyrkjeverja*

Konfirmantjubilanter



Konfirmantar Aure 1970

Rekke 1 frå v.: Bodil Bjerknes, Jorid Leirdal, Rolf Dyrлие, Knut Vik, Ann Odhild Stavnes, Anne Grete Reiten, Rekke 2 frå v.: Elin Kalvik, Sigrun Leira, Edny Ness, Målfrid Strømмен, Kristin Soleim, Kjellrun Sletta, Margaret Brevik, Bente Gjerde, May Elisabeth Grønning Thorsø, Signy Sletta, John Bjørnholm, Ingvar Engdal, Gerd Karin Engdal. Rekke 3 frå v.: Sigmund Gudvangen, Birgitte Skipnes, Greta krokli, Anne Elisabeth Gresseth, Mona Irene Johannesen, Gudrun Aakvik, Birgit Dalseth, Berit Torset, Anders Ormset, Rekke 4 frå v. Knut Ove Haltbakk, Ole Johan Eide, Martin Olav Folde, Liv Melland, Aud Eli Roksvåg, Anders Todal, Otto Rune Djupvik, Bjørn vidar Torset. Rekke 5 frå v.: Arnt Georg Røv, Per Inge Eines, Magnar Oldervik, Edvard Ormseth, Olav Maridal, Kjetil Haltbakk.



Konfirmantar Stemshaug 1970

1. rekke frå v. Marianne Malme, prest Dyrvik, Knut Vik, Reidun Helene Hjelanes, 2. r. frå v. Steinar Torset, Helen Marie Sæther, Edel Pauline Torset, Ruth Fævelen, Gerd Asbjørg Dromnes, Dordi Johanne Nedresæter, Hans Torset. 3 r. frå v. Olaf Ulfsnes, Knut Romundseth, Svein Hjelen, Ola Bakken, Jan Gunnar Haaker, Jon Ingar Bakk, Steinar Dromnes



Konfirmanter Tustna 1970

Fra venstre: Ragnhild Brandsvikhaug, Margot Rovik, Lillian Jenssen, Liv Alsvik, Britt Amundsen, Trygve Visnes, Erling Dahle, Egil Halsbog, Egil Follå, Per Maalen, Kristian Leren, Per Golmen, Odd Stabben, Ingar Ohrstrand, Ragnar Lange (prest). Ikke synlig på bilde: Hanna Nygård og Terje Engvik?

Om nokon har bilete av konfirmantane i Aure og Stemshaug 1971 blir vi glade om de kan sende til oss post@arekyrkje.no, eller levere til kyrkjekontoret.

Nytt frå Fellesrådet

Måling av Aure kyrkje

Vi har fått to testamentariske gåver frå Mary Schjølberg og Margot Rise, som bidreg til at vi kan få gjennomført måling av Aure kyrkje i 2021.

Arbeidet vil starte opp i mai måned om veret tillèt det.

Vi er svært takksame for desse to gåvene som har gjeve oss økonomi til å få gjennomført dette prosjektet.

Heile kyrkja har ikkje vore måla sidan «Orkdal maleforretning» gjorde det 2001. Vidare måla same firma veggane på skipet i 2012/2013. Veggane på sakristiet har vore måla av eige personell. Måling har no flassa av mange plassar, og det er òg fare for råteskadar.



Namna minnelundar for urnenedsetting

Det er planlagt å ordne minnelundar for nedsetjing av urner på alle gravplassar i Aure etter kvart. Og det er sett ned ei nemnd som skal kome med forslag til utforming og plassering.

I namna minnelund skjer gravlegging på eit felt der det ikkje er sett opp eige gravminne.

Feltet er markert med ein minnestein, der plater med namna på dei som er gravlagde, blir festa.

Her er det òg gravplassmyndighetene som har ansvar for plantefeltet. Men ein kan avgjere at innanfor ein periode etter gravferda kan pårørende sette ned lys og blomster i vase.

Det kan òg plasserast benker og andre element som passar inn.



Martinus Fuglevåg Solheim, døpt i Gullstein kirke 06.12.2020

Kaffepraten

– Elvis på Averøya

Tekst: Jan Ove Krutvik, Foto: Privat

Ei plate med Elvis hjalp Tommy Stormo til å finne trua si som 16 åring. Etter den tid har både trua og Elvis vore ein viktig del av livet til han som no fungerer som vikarprest i Aure.

På Røsand på Averøy vaks det opp ein gut som heitte Tommy Stormo. Aktiv var han då, og aktiv må vi nok seie at han framleis er den dag i dag, no når han er 52 år. Vi får ein prat med han på ein laurdag som skal vere ein fridag, eller som skal minne om ein fridag. Det er visst fleire prosjekt på gang på ein fridag òg, men vi slepp til med spørsmåla våre. Kanskje har du møtt Tommy Stormo i ei av kyrkjene i Aure? Han har den siste tida fungert som vikarprest her. I tillegg er han trusopplærar og prestevikar i Hustadvika, Averøy og han har òg presteoppdrag i Kristiansund og på Frei, han er redaktør for *Menighetsbladet i Averøy og Hustadvika* og han skriv for eit næringsblad på i Hustadvika.



Det kom nok ikkje særleg uventa på Tommy, det første spørsmålet eg hadde. Han er nemleg over gjennomsnittet glad i Elvis sin musikk, og han opptrer som Elvis-imitator. Når starta denne fascinasjonen?

- Mitt liv med musikken til Elvis starta jula 1980. Den jula fekk broren min og eg ein slik flat, svart kassettspelear, ein slik med opptaksfunksjon. Med denne følgde det med ein kassetts med ei bikinikledd dame på coveret, «Rock hits -79». Fyrste songen på denne kassetten var Hound Dog. Det stod ikkje på kassetten kven som song, men eg likte den og andre songar på kassetten veldig godt. Ein dag spurde eg mamma om ho visste kven det var, og ho sa at dette var songar av Elvis, fortel Tommy.

Tommy hørde på kassetten sin, men ein dag fann han nokre LP-ar av Elvis i plate-

samlinga til mora. Der fann han òg ei plate med Hound Dog. Han la på plata og skrudde opp lyden.

- Då fekk eg bakoversveis! Kassetten var jo laga av eit dårleg coverband, no var det ekte vare, med Elvis. Mellom platene var òg *His hand in mine*, ei plate som seinare skulle få stor betydning for meg, seier Tommy.

Som barn var Tommy Stormo med på Yngres (barnelag red. anm.) på Bruvold skole. Der var han mest med på grunn av dei artige aktivitetane, så fekk han berre ta andaktene med på kjøpet. Hausten 1981 starta han på ungdomsklubb. Enno var det det sosiale og dei artige aktivitetane som drev han.

- Eg hugsar at nokre av andaktene var *kjedelege og tørre*, andre kunne vere betre. Eg hugsar ein lærar, Ole Bergem, som hadde andakt. Han laga potetkanon med eit betongrøyr, der poteten fór over låvetaket. Eg hugsar ikkje akkurat kva poenget med andakten var, men eg hugsar godt potetkanonen, ler vikarpresten vår.

Ungdomsklubben var slik mange ungdomsklubbar var på den tida. Det gjekk i bordtennis og kurong. Då Tommy starta på siste året på ungdomsskolen, utvida ungdomsklubben aktivitetstilbodet.

Ungdomsklubben har sidan kunne tilby aktivitetar som trial, karate, judo, boksing, ulike kunst- og formingsprosjekt, song og musikk, moped-skruing, trafikal grunnkurs, modellbygging, metallarbeid, ja rett og slett mykje av det ungdommen var interessert i, og som dei kunne finne vaksne leiarar til å ha. Det var veldig populært å vere med i ungdomsklubben. Tommy likte seg godt, men rekna seg ikkje som kristen.

Ein kveld den hausten Tommy Stormo var 16 år, kom eit vendepunkt i livet. Han hadde kjøpt seg ein Yamaha RD 80 lett-motorsykel. Han skulle køyre ein kamerat til skolelagsweekend. Tommy skulle ikkje delta, han var ikkje med i Skolelaget. Han skulle vidare for å selje billetter til bygdefest. Då han kom fram til der skolelagshelga skulle vere, vart han invitert inn av



ein leiar. Nei, Tommy skulle vidare og kunne ikkje bli med inn. Då kom det ei regnskur, så då kunne Tommy like gjerne bli med inn, for ikkje å bli blaut.

- Og der vart eg. Brikkene starta å falle på plass. Heime att fann eg fram Elvis-plata «His hand in mine». Alt eg hadde høyrd før, hang saman og gav meining. Det eg hadde høyrd på Yngres, ungdomsklubb og i konfirmanntida med prest Torolv Blomstrøm, song no Elvis om. OK, dette må eg prøve, tenkte eg. Ganske raskt etter dette vart eg utfordra til å bli med som leiar



i ungdomsklubben, og der har eg vore med sidan hausten eg var 16 år, fortel Tommy.

Det gir ei fartstid på 36 år i ungdomsklubben, med ulike ansvarsområde gjennom tida. Ein kan jo lure litt på kva som gjer at han har motivasjon til å halde på så lenge.

- Folk dett jo av på grunn av ulike årsaker, og det er sjølv sagt lov. Eg prøver så godt eg kan å leggje til rette for ungdom, fordi det vart lagt til rette for meg. Folk har hatt trua på meg, uvisst kvifor, smiler Tommy. - Eg skal ikkje gje meg fyrst. Så lenge ungdom vil på ungdomsklubb, vil eg. Kanskje er dette ei av mine oppgåver i Guds rike, om vi kan kalle det for det.

No fungerer altså Tommy Stormo mellom anna som vikarprest for oss i Aure kommune, i ei tid med lite aktivitet. No gler han seg til vi kan samlast meir normalt att, ein gong i framtida.

- Eg saknar å sjå mykje folk i kyrkja. For

ikkje lenge sidan forretta eg ved ei gravferd i Stemshaug kyrkje. Då var det mange ungar der, og nokre jenter song frå galleriet. Det var ei fantastisk oppleving. No er eg redd det kan bli lenge til neste gong vi kan vere mange i kyrkja att, seier vikarpresten vår, og tenkjer på muleg nedstenging igjen etter at dette intervjuet vart gjort.

Det er mykje latter og godt humør når Tommy Stormo fortel, for dette er ein mann som er glad i humor.

- Eg er vakse opp med Lystad & Mjøen. Dei var meistarar på ordspel. Eg elsker ordspel, og det hender eg prøver meg på nokre sjølv òg. Nokre gonger treffer eg, andre gonger kan det bli bom. Folk må berre vite at det er godt meint kvar gong, ler han.

Når pandemien er over og ting blir meir normale, har Tommy Stormo takka ja til å kome til Aure for å ha songkveld med Elvis-musikk. Så får vi håpe at det ikkje blir så lenge til.



Orientering fra trosopplærer/konfirmantlærer

Nå har det vært et spesielt nyår med restriksjoner og slikt. I tillegg er jeg blitt enkemann, min kone Sylvia døde 26. januar, etter å ha hatt kreft i seks år. Det har selvsagt påvirket meg mye, men jeg har kommet i gang med arbeidet igjen og synes det går bra. Alle har vært snille og forståelsesfulle mot meg.

Vi var i tvil om hvordan utdelingen av «Min kirkebok 6 år» skulle foregå. Nå er det åpnet for 100 i en gudstjeneste, så da blir det utdeling i gudstjenestene som vanlig. I Aure kirke ble den utdelt søndag 7. mars. På Gullstein blir det 14. mars kl. 11 og på Stemshaug 21. mars kl. 11. Hvis det er noen fra Aure som ikke fikk til å komme på søndag, kan dere komme til en av de andre kirkene eller ta kontakt med kirkekontoret.

Babysang har foregått som vanlig på nyåret med opptil fire små deltagere. Vi har satt opp følgende datoer fremover, alle torsdag kl 11 i Raudstua ved kirkekontoret: 18.3, 25.3, 8.4, 22.4, 6.5, 20.5 og 3.6.

Andre trosopplæringsarrangementer skal vi prøve å gjennomføre innenfor de til enhver tid gjeldende restriksjoner. Vi skal prøve å få til «Bibelsertifikatet», men det blir sannsynligvis ikke før april.

Konfirmantundervisningen er kommet i gang igjen. Selve konfirmasjonene er utsatt til høsten. Datoene er: Stemshaug 5.9., Gullstein 12.9. og Aure 18.9. og 19.9.

Fasteaksjonen blir uten bøssebærere på døren i år. Gaver til aksjonen kan gis enten fra nettsiden <https://www.fasteaksjonen.no/fylke/kommune/4718/> eller Vipps nr 2426, eller send meldingen VANN til sms 2426, eller gi til konto 1594 22 87493. Håper det kommer inn mye penger i år også. Pengene vil gå til prosjekter for rent vann, deriblant brønnboring for fattige i Zambia. Nettsiden <https://www.fasteaksjonen.no> har mer info om prosjektene. Konfirmanttiden blir uten en tradisjonell leir, men vi diskuterer muligheter for en dagstur eller en overnattingstur her i kommunen nærmere sommeren.

Hilsen Stig Ottar

Et av min kone Sylvia sine favorittvers, var Salme 94.18-19 :
*Om jeg må si: «Foten min er ustø», så holder din godhet meg oppe, Herre.
Når mitt indre er fullt av urolige tanker, har min sjel glede av din trøst.*

SJØSIDEN
FRISØR
Bente L.
Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426

HR **H. Aukan**
Regnskapskontor AS
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund
Økonomisk rådgivning –
Regnskapsføring
Skattespørsmål
VI HJELPER DEG!!

Vi arrangerer

- * Barsedåp
- * Konfirmasjon
- * Bryllaup
- * Bursdager
- * Minnesamvær
- * Catering



Tlf 716 46 238

 **Bertelsen**
begravelsesbyrå as

Døgnvakt tlf.:
72 45 25 37
www.bertelsen-bgr.no

VIRKE
GRAVFERD

Gravmonumenter

Gratis montering m/garanti



Modell 369

Vi utfører også

- Oppussing og navnetilføyelse
- Vask/reinsing av monument
- Omsliping av stein
- Oppretting av stein/sokkel
- Montering av lykter/duer/vaser/bilder
- Montering av bedrammer
- Fjerning av gammel stein

Benkplater i stein

Spyling av hustak og husvegger

Kontakt:

Bertelsen Stein & Spylerservice
v/Ola Bertelsen - Tlf. 417 70 510

COOP
vikhals

Dagligvarer, bensin, diesel

6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

BUNNPRIS

Aure

09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70

Bt **BYGGtorget**
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen og Hyttemenyen

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- Vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,
6699 Kjorsvikbugen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggvarehuset@c2i.net

Skipnes Mek.
Verksted AS



6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67

Blomster og gaver
i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

	Vi leverer alt til begravelser i Aure og Stemshaug. Frakt kr 50,-	ÅPENT
		ma-to 10-17
		Fre 10-18
		Lør 10-15

Velkommen til Vihals
Flora Idé AS

– Jøran Ulfsnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

Klær
Strand
AURE

Susan måtte drikka vatnet ho vaska klede i

For seksbarnsmora Susan Miyambo (35) var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask måtte ho henta i ei skitten elv.

Tekst: Anette Torjusen

Me er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

Tunge kanner

Med høner som flaksar rundt beina hennar, eit barn på armen og eit som held i skjørtekanten, fortel ho om timelange gåturar for å henta vatn før dei fekk reint vatn til landsbyen.

- Mangel på vatn ga oss mange helseproblem. Elva var vår næraste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Me var veldig ofte sjuke, fortel ho. Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timar måtte ho bruka for å henta reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt.

- Me måtte gå store avstandar for å koma til vasskjelda, og det var vanskeleg for familien min å få til det, forklarar ho.



Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass. Litt av plassen er sett av til oppbevaring av fisk og den populære grønnsaka, kassava, som smakar nesten som potet.

- Her ser du litt av inntekta mi, smiler ho. For sal av både fisk og kassava gjev ekstra pengar til storfamilien.

Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.

- No treng me ikkje lenger å gå langt for å henta vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har me fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for.

Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 bora me ein brønn. Det er viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vassystema vi byggjer. Difor samarbeider me tett med våre lokale partnarar og vassingeniørar.

Innbyggjarane er med på å tilretteleggja og vel ein eigen komité som held vedlike og har ansvar for vassforsyninga.

For Susan er det no berre ein kort tur til brønnen som er omringa av kanner klare til fyllast opp.

- No kan eg gje familien min reint vatn. Det er eg så glad for.

Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring. Ei bekymring ho deler med resten av verda: Covid-19.

- Eg er redd for å bli smitta når mange av oss er samla, og eg er redd for barna sine og mitt eige liv. Covid-19 er verkeleg og utgjør ein fare for oss alle.

Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa. For i landsbyen er det mange som set pris på reint og trygt vatn, og etterspurnaden er difor stor.

- Mi oppmoding er at det vert bora endå fleire brønningar for å møte etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn, og me kan ha god avstand for å unngå smitte.



Avhengig av hjelp for å hjelpa

For at Susan og andre skal få reint vatn, trengst det hjelp frå oss. Også i 2021 skal frivillige over heile Noreg vera med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og samla inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv i fattige lokalsamfunn ute i verda.

Verda står framleis overfor ein pandemi som rammar oss alle på ulike måtar. Kirkens Nødhjelp har nått ut til over 2,4 millionar menneske med koronaførebyggjande tiltak sidan mars 2020, takka vere deira innsats og bidrag.

Du kan bidra digitalt når kyrkjene i Aure skal gjennomføra årets innsamlingsaksjon, ved å senda ei gåve til kontonummer 1594 22 87493, eller VIPPS til 2426, eller sms VANN til 2426 (250,-)



Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:

14.02. Emma Sofie Kristiansen Stormyr
07.03. Ylva Kiplesund Ness

Døde:

12.12. Hans Arve Olsvik f. 1959
19.12. Jorunn Småland f. 1940
04.01. Oline Lesund f. 1942
15.01. Reidun Ormset f. 1930
18.01. Anders L. Glomstad f. 1933
29.01. Kåre Bakk f. 1924
10.02. Anna Gjerde f. 1930
11.02. Jorid Sandshavn f. 1945

Gullstein kirke

Døpte:

Ingen sidan sist.

Døde:

27.01. Marie Gjøstøl f. 1932
30.01. Modulf Aukan f. 1948

Stemshaug kyrkje

Døpte:

Ingen siden sist.

Døde:

05.07. Erling Tømmernes (urne)
10.01. Egil Arnolf Ulfsnes f. 1938
27.02. Magnar Ulfsnes f. 1929

Vareminnesider.no – dødsannonser frå heile landet

Aure, Stemshaug og Tustna sokn

Adresse:

Aursundsvegen 147
6690 Aure
post@arekyrkje.no

Sokneprest:

Per Eilert Orten: 908 94 398

Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251
Kontortid:
Ty-, to-, og fredag
kl 0900-1300
www.aurekyrkje.no

Telefonar:

Kyrkjevevjerje:
Judith Bjørk: 924 35 280
Organist:
Alexey Kurbanov: 924 30 113
Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar, Aure
Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835
Kirketjener, Kirkegårdsarbeidar Tustna
Roger Steen
468 62 240
Sekretær Dordi Signe Oldervik
tlf: 479 75 472

Kyrkjelydsarbeidar:

Judy Rangnes 957 01 908
Sekretær/konfirmantlærer
Stig Ottar Jensen
414 77 533
Ansvarleg for trusopplæringa
Stig Ottar Jensen
414 77 533

Bladstyre:

Jan Ove Krutvik: 915 21 410
Asbjørn Barlaup: 482 37 889
Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvaldsen,
Brit Nilsen, Ann-Mari Ulfsnes,
Anne Marie Moltubakk og
Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.
4068.30.04415

Trykk:

Orkla Grafiske AS
Tlf. 72 48 23 20
E-post:
ole-kristian@orklagrafiske.no
www.orklagrafiske.no



Gravsted-tjenester



- Stell av graver • Pusser opp skrift i stein, • Gull (22 karat). • Sølv, hvitt og sort lakk.
- Vask av steiner og fundament, Vi fjerner mose og groe
- Oppretting av skeivt gravminne.
- Vi selger og nye gravminner, samt inn hugging av nye navn.
- Lys, lykter og bronse artikler.

Smøla, Aure, Hitra, Frøya og Heim - Tlf 91568305
gravstedtjenester@gravstedtjenester.no

TA KONTAKT MED JAN FRODE
JOHNSEN PÅ 91568305

gravstedtjenester@gravstedtjenester.no



ØYVILT

6694 Foldfjorden
TLF: 915 75 803

Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
481 57 263 / 915 75 803
for en hyggelig prat.

Vi tilbyr catering til alle
anledninger

- Dåp
- Konfirmasjon
- Minnesamvær
- Bryllup
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon
av retter; koldtbord,
tapas, snitter, varmretter
og desserter.



Gudstenester

Med atterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag og på
websiden www.aurekyrkje.no

Dag i kyrkjeåret:	AURE	STEMSHAUG	GULLSTEIN
21. mars		Høgmesse & Årsmøte kl. 11.00 Kollekt til kyrkjelydsarbeidet	
28. mars	Gudsteneste med dåp kl. 11.00 Kollekt til Kirkens Nødhjelp		
1. april Skjærtorsdag		Høgmesse kl. 16.00 Kollekt til Kirkens Nødhjelp	
2. april Langfredag	Messefall		Pasjonsgudsteneste kl. 16.00
4. april 1. Påskedag	Høgmesse kl. 11.00 Kollekt til Sjømannskirken		Messefall
11. april	Ingen gudsteneste	Ingen gudsteneste	Ingen gudsteneste
18. april	Messefall	Høgmesse kl. 16.00 Kollekt til Søvassli ungdomss.	
25. april	Gudsteneste kl. 11.00 Kollekt til kyrkjelydarbeidet		Gudstjeneste kl. 16.00
2. mai		Gudsteneste kl. 11.00	
9. mai			Gudstjeneste kl. 11.00 Kollekt til konfirmantarbeidet
13. mai Kristi himmelfartsdag	Gudsteneste kl. 11.00 Kollekt til Kirkens Bymisjon		
17. mai	Festgudsteneste kl. 10.00 Kollekt til kyrkjelydarbeidet		Festgudstjeneste kl. 12.00
23. mai 1. pinsedag	Høgtidsgudsteneste kl. 11.00 50-årskonfirmantfeiring. Kollekt til Menighetsfakultetet		

Statistikk frå kyrkjene i Aure

	Aure 2019	Aure 2020	Stemshaug 2019	Stemshaug 2020	Tustna 2019	Tustna 2020
dåp	9	10	7	8	3	6
konfirmantar	15	12	8	5	10	4
vigslar	3	1	1	0	1	1
gravferd	27	22	5	11	11	15
gudstenester	29	31	17	13	24	21
deltakarar på gudstenester	4 361	1 134	816	637	1 108	401
sum offer	kr 58 395	kr 23 385	kr 25 117	kr 22 646	kr 42 777	kr 21 468
offer til eget virke	kr 28 296	kr 17 296	kr 5 004	kr 9 463	kr 24 221	kr 5 834
andre innsamlingar/gåver	kr 84 436	kr 14 800	kr 12 550	kr 12 782	kr 0	kr 1 964

Returadresse:
Menighetsblad
v/ Aure kyrkjekontor
Aursundvegen 147
6690 Aure



BARNAS SIDE

Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet
BARNAS til eit
barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Vitsar

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik:
«Eit hus har 5 etasjar.
Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?»
– Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

– Korleis er den nye gitaren din?
– Eg måtte kaste han.
– Kvifor det?
– Den hadde jo eit stort hol i midten!

Kva får du dersom du kryssar ein kalkulator med eit menneske?
Svar: Ein ven du kan rekne med.

Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
(Teikning: Kari Sortland)

